

Utval: Utval for miljø og samferdsel
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje i fylkeshuset, Bergen
Dato: 20.04.2017
Tidspunkt: 11.00 - 15.10

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Iiril Schau Johansen	Medlem	H	Til kl. 14.15
Gustav Bahus	Medlem	Frp	Til kl. 14.25
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	
Nils T. Bjørke	Leiar	Sp	Til kl. 15.00
Jon Askeland	Medlem	Sp	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
Atle Kvåle	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Parti	
Roald Kvamme	Atle Kvåle	A	Møtte kl. 12.00-12.30
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Atle Kvåle	A	Møtte kl. 13.00-15.10
Øyvind Hardeland	Rasmus Laupsa Rasmussen	A	
Inger Signe Ulvund	Renate Møgster Klepsvik	Frp	
Nina Gjerme	Astrid Aarhus Byrknes	KrF	

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjonen
Sølve Sundbø	Klima- og naturressurssjef, regionalavdelinga
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Olav Finne	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Kaisa Tonheim Banne	Rådgjevar Statens vegvesen
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvalls-saknr.	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 45/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 46/17	Godkjenning av møtebok førre møte		
PS 47/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 21/17	Innspel til rapport om kostnadsnøkkelen for båt og ferje	2017/1194	
RS 22/17	Prioritering av planressurar	2017/938	
RS 23/17	Melding om oppstart av revisjon Handlingsprogram 2018-2021 Regionalplan for folkehelse 2014-2015	2017/3149	
RS 24/17	Melding om fylkesadministrasjonen sitt arbeid med plan for etablering av bussjåførfasilitetar	2017/3152	
RS 25/17	Brev om oppstart kommunedelplan Fv7 Tokagjelet	2017/1774	
RS 26/17	Rapportering frå NSC transportgruppe - Møte i Aberdeen 1-2 mars 2017	2016/7492	
RS 27/17	Godkjenning av Regional planstrategi for Hordaland 2016-2020	2017/1845	
RS 28/17	Beredskapsplan ved akutt-tiltak mot dårleg luftkvalitet sendt til Bergen kommune	2015/4517	
PS 48/17	Dekkeleggingsprogrammet for 2017 - eventuelle ekstramidlar til Sykkel-VM	2017/3088	
PS 49/17	Innbyggjarinitiativ - Strakstiltak for utbetring av krysset mellom Fv 562 og fv 220 på Askøy	2015/1799	
PS 50/17	Punktutbetring og trygge skuleveggar - søknad om midlar 2017	2014/22427	
PS 51/17	Søknad frå Turbuss Vest AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - Nyborg	2017/2529	
PS 52/17	Ymse		

PS 45/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 20.04.2017

Fylkesdirektør samferdsel bad om at PS 51/17 vart trekt frå sakskartet. Utval for miljø og samferdsel slutta seg samrøystes til dette.

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend med merknaden over.

PS 46/17 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 20.04.2017

Vedtak

Møteprotokollen frå møte 15.03.2017 vart godkjend utan merknader.

PS 47/17 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 20.04.2017

I samband med RS 21/17 «Innspeil til rapport om kostnadsnøkkelen for båt og ferje» stilte **Jon Askeland (Sp)** spørsmål om det var nødvendig å ha med den siste setninga i brevet til departementet. Fylkesdirektør samferdsel opplyste at det er viktig å få ei avklaring på kva følgjer dette får for ferjeavlastingsordninga.

I samband med RS 24/17 «Melding om fylkesadministrasjonen sitt arbeid med plan for etablering av bussjåførfasilitetar» tok **Per Lerøy (A)** opp problema med toalettforholda for bussjåførane, og oppmoda Skyss om å få fortgang i å sikre gode fasilitetar på pausestasjonane.

I samband med RS 25/17 «Brev om oppstart kommunedelplan Fv7 Tokagjelet» spurde **Svein Halleraker (H)** om den lange tunellen under Kvamskogen framleis er under vurdering. Fylkesdirektør samferdsel svarte på spørsmålet.

I samband med RS 26/17 «Rapportering frå NSC transportgruppe - Møte i Aberdeen 1.-2. mars 2017» påpeikte **Natalie Golis (MDG)** at det er viktig med politisk deltaking på møta i Nordsjøkommisjonen, og bad om å få orientering frå møtet i Aberdeen i neste utvalsmøte. **Nils T. Bjørke (Sp)** supplerte med at det bør oppnemnast varamedlem til NSC.

Vedtak

Referatsaker 21-28/17 vart refererte.

PS 48/17 Dekkeleggingsprogrammet for 2017 - eventuelle ekstramidlar til Sykkel-VM

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tar Statens vegvesen sitt dekkeprogram for 2017 til orientering.
2. Fylkesutvalet vil ikkje løyva ekstra fylkesvegmidlar til dekkelegging til strekningar som skal nyttast under Sykkel-VM.
3. Fylkesutvalet har ikkje innvendingar imot at det kan omprioriterast innafor Bergen til fordel for strekninga Allehelgensgate-Småstrandgaten-Bryggen, slik at Sykkel-VM får ein tryggare trasé.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 20.04.2017

Jon Askeland (Sp) sette på vegner av Sp, A, KrF og SV fram slikt oversendingsforslag (a) til fylkesordføraren:

«Utval for miljø og samferdsel ønskjer at deler av mindreforbruket i 2016 vert nytta til dekkelegging på fylkesvegane, og ber fylkesordføraren koma tilbake med sak på dette. På denne måten løyser ein utfordringane for dekkelegging til Sykkel-VM, og me viser elles til prioriteringslista til Statens vegvesen og vil spesielt peika på forfallet på det øvrige fylkesvegnettet.»

Jon Askeland (Sp) sette på vegner av Sp, A, KrF, SV, H og V fram slikt forslag (b):

1. «Fylkesutvalet tar Statens vegvesen sitt dekkeprogram for 2017 til orientering.
2. Fylkesutvalet har ikkje innvendingar imot at det kan omprioriterast innafor Bergen til fordel for strekninga Allehelgensgate-Småstrandgaten-Bryggen, slik at Sykkel-VM får ein tryggare trasé.
3. Fylkesutvalet viser til oversendingsframlegg til fylkesordføraren, og vil be om at det vert arbeidd vidare for å finna midlar til auka dekkelegging.»

Røysting

Askeland sitt forslag (b) vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (MDG).

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Askeland sitt forslag (a) vart mot 1 røyst (MDG) vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tar Statens vegvesen sitt dekkeprogram for 2017 til orientering.
2. Fylkesutvalet har ikkje innvendingar imot at det kan omprioriterast innafor Bergen til fordel for strekninga Allehelgensgate-Småstrandgaten-Bryggen, slik at Sykkel-VM får ein tryggare trasé.
3. Fylkesutvalet viser til oversendingsframlegg til fylkesordføraren, og vil be om at det vert arbeid vidare for å finna midlar til auka dekkelegging.

PS 49/17 Innbyggjarinitiativ - Strakstiltak for utbetring av krysset mellom Fv 562 og fv 220 på Askøy

Forslag til innstilling

1. Utval for miljø og samferdsel ber om at ein går i gang med strakstiltaka nr. b) Vegetasjon og nr. c) Rumlefelt i 2017/2018.
2. Fylkesrådmannen vil koma attende til eventuell prioritering og finansiering av dei andre strakstiltaka som er noko meir omfattande, i samband med handsaming av Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan 2018-2029

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 19.04.2017

Utvalet sette fram eit forslag til endring i ordlyden i punkt 2.

Fylkesrådmannen vil koma attende til eventuell prioritering og finansiering av dei andre tiltaka som er noko meir omfattande, i samband med handsaming av Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan 2018-2029.

Tilråding

1. Utval for miljø og samferdsel ber om at ein går i gang med strakstiltaka nr. b) Vegetasjon og nr. c) Rumlefelt i 2017/2018.
2. Fylkesrådmannen vil koma attende til eventuell prioritering og finansiering av dei andre tiltaka som er noko meir omfattande, i samband med handsaming av Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan 2018-2029.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 20.04.2017

Tilrådinga frå fylkestrafikksikringsutvalet vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Utval for miljø og samferdsel ber om at ein går i gang med strakstiltaka nr. b) Vegetasjon og nr. c) Rumlefelt i 2017/2018.
2. Fylkesrådmannen vil koma attende til eventuell prioritering og finansiering av dei andre tiltaka som er noko meir omfattande, i samband med handsaming av Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan 2018-2029.

PS 50/17 Punktutbetring og trygge skuleveggar - søknad om midlar 2017

Forslag til innstilling

1. Utval for miljø og samferdsel (MISA) ser positivt på at ein har fått inn så mange gode søknader, og ber fylkesrådmannen arbeide vidare med dei tiltaka som ikkje fekk tilsegn i tida som kjem.
2. Utval for miljø og samferdsel (MISA) gjev tilsegn til følgjande søknader:

Nr	Kommune/pri.	Namn på tiltaket	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	ASKØY 1	Fortau, gangfelt og lys, Erdalsvegen	Sikring av 5 kryssingspunkt	2 200 000
2	AUSTRHEIM 2	Veglys, Mastrevik-Toftegård	Veglys, Mastrevik-Toftegård. 2,2 km	1 270 000
3	BØMLO 1	Veglys, Moster	Etablere veglys 600 meter, Totland-Grunnavågen, Moster	850 000
4	FJELL	Utbetring av Ebbesvikvegen	Utbetring av Ebbesvikvegen. 460 meter. Vegbredde, fortausbredde, grøfting, belysning, murar, avkjørsel	2 000 000
5	KVAM	Utbetring av veg, Øystese	Omlegging av veg opparbeiding av gangfelt. Opparbeiding av fortau, lys, asfaltering, siktutbetring. 110 meter	3 500 000
6	KVINNHHERAD	Veglys og kantstopp, Løfallstrand	Veglys og kantstopp for buss for skuleborn	1 600 000
7	MASFJORDEN	Punktutbetring 18 punkt	Utbetring av 18 punkt langs FV 570.	2 000 000
8	OS	Veglys, Åsen	Bytte av kvikksølvlys på eksisterande stolpar.	250 000
9	STORD 2	Intensivbelysning Leirvik sentrum Kulturhuset	Fullføring av prosjekt med intensivbelysning i Leirvik sentrum.	300 000
10	TYSNES	Fjellvegen, Onarheim	Kantsikring, siktutbetring, mur/autovern, utviding møteplass på Fjellvegen, 100 m.	1 530 000
11	ULLENSVANG	Veglys, Sekse	Veglys, 100 ljospunkt, 2,5 km.	2 000 000
12	ULVIK	Fortau, Tyssevikvegen	Etablere fortau for å betre trafiktryggleik for mjuke trafikantar.	2 000 000
13	VAKSDAL 1	Mjuka trafikantar, Vaksdal (Duesvingen)	Utbetring og fullføring av ts tiltak for mjuka trafikantar og trygg skuleveg i Vaksdal (Duesvingen).	500 000
	SUM			20 000 000

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 19.04.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes tilrådd.

Tilråding

1. Utval for miljø og samferdsel (MISA) ser positivt på at ein har fått inn så mange gode søknader, og ber fylkesrådmannen arbeide vidare med dei tiltaka som ikkje fekk tilsegn i tida som kjem.
2. Utval for miljø og samferdsel (MISA) gjev tilsegn til følgjande søknader:

Nr.	Kommune/pri.	Namn på tiltaket	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	ASKØY 1	Fortau, gangfelt og lys, Erdalsvegen	Sikring av 5 kryssingspunkt	2 200 000
2	AUSTRHEIM 2	Veglys, Mastrevik-Tofttegård	Veglys, Mastrevik-Tofttegård. 2,2 km	1 270 000
3	BØMLO 1	Veglys, Moster	Etablere veglys 600 meter, Totland-Grunnavågen, Moster	850 000
4	FJELL	Utbetring av Ebbesvikvegen	Utbetring av Ebbesvikvegen. 460 meter. Vegbredde, fortausbredde, grøfting, belysning, murar, avkjørsel	2 000 000
5	KVAM	Utbetring av veg, Øystese	Omlegging av veg opparbeiding av gangfelt. Opparbeiding av fortau, lys, asfaltering, siktutbetring. 110 meter	3 500 000
6	KVINNHERAD	Veglys og kantstopp, Løfallstrand	Veglys og kantstopp for buss for skuleborn	1 600 000
7	MASFJORDEN	Punktutbetring 18 punkt	Utbetring av 18 punkt langs FV 570.	2 000 000
8	OS	Veglys, Åsen	Bytte av kvikksølvlys på eksisterande stolpar.	250 000
9	STORD 2	Intensivbelysning Leivik sentrum Kulturhuset	Fullføring av prosjekt med intensivbelysning i Leivik sentrum.	300 000
10	TYSNES	Fjellvegen, Onarheim	Kantsikring, siktutbetring, mur/autovern, utviding møteplass på Fjellvegen, 100 m.	1 530 000
11	ULLENSVANG	Veglys, Sekse	Veglys, 100 ljospunkt, 2,5 km.	2 000 000
12	ULVIK	Fortau, Tyssevikvegen	Etablere fortau for å betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar.	2 000 000
13	VAKSDAL 1	Mjuke trafikantar, Vaksdal (Duesvingen)	Utbetring og fullføring av ts tiltak for mjuke trafikantar og trygg skuleveg i Vaksdal (Duesvingen).	500 000
	SUM			20 000 000

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 20.04.2017

Tilrådinga frå fylkestrafikksikringsutvalet vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Utval for miljø og samferdsel (MISA) ser positivt på at ein har fått inn så mange gode søknader, og ber fylkesrådmannen arbeide vidare med dei tiltaka som ikkje fekk tilsegn i tida som kjem.
2. Utval for miljø og samferdsel (MISA) gjev tilsegn til følgjande søknader:

Nr	Kommune/pri.	Namn på tiltaket	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	ASKØY 1	Fortau, gangfelt og lys, Erdalsvegen	Sikring av 5 kryssingspunkt	2 200 000
2	AUSTRHEIM 2	Veglys, Mastrevik-Toftegård	Veglys, Mastrevik-Toftegård. 2,2 km	1 270 000
3	BØMLO 1	Veglys, Moster	Etablere veglys 600 meter, Totland-Grunnavågen, Moster	850 000
4	FJELL	Utbetring av Ebbesvikvegen	Utbetring av Ebbesvikvegen. 460 meter. Vegbredde, fortausbredde, grøfting, belysning, murar, avkjørsel	2 000 000
5	KVAM	Utbetring av veg, Øystese	Omlegging av veg opparbeiding av gangfelt. Opparbeiding av fortau, lys, asfaltering, siktutbetring. 110 meter	3 500 000
6	KVINNHHERAD	Veglys og kantstopp, Løfallstrand	Veglys og kantstopp for buss for skuleborn	1 600 000
7	MASFJORDEN	Punktutbetring 18 punkt	Utbetring av 18 punkt langs FV 570.	2 000 000
8	OS	Veglys, Åsen	Bytte av kvikksølvlys på eksisterande stolpar.	250 000
9	STORD 2	Intensivbelysning Leirvik sentrum Kulturhuset	Fullføring av prosjekt med intensivbelysning i Leirvik sentrum.	300 000
10	TYSNES	Fjellvegen, Onarheim	Kantsikring, siktutbetring, mur/autovern, utviding møteplass på Fjellvegen, 100 m.	1 530 000
11	ULLENSVANG	Veglys, Sekse	Veglys, 100 ljospunkt, 2,5 km.	2 000 000
12	ULVIK	Fortau, Tyssevikvegen	Etablere fortau for å betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar.	2 000 000
13	VAKSDAL 1	Mjuke trafikantar, Vaksdal (Duesvingen)	Utbetring og fullføring av ts tiltak for mjuke trafikantar og trygg skuleveg i Vaksdal (Duesvingen).	500 000
	SUM			20 000 000

PS 51/17 Søknad frå Turbuss Vest AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - Nyborg

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tildeler Turbuss Vest AS ruteløyve for strekninga Bergen Busstasjon – Nyborg ved Ikea, på dei vilkåra som er spesifiserte i punkt 1-2:

1. Det skal ikkje utførast lokaltransport med ruta.
2. Vognmateriell som vert nytta i drifta skal ha Euro VI-motor.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

Natalie Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 2:

Vognmateriell skal følge samme mål og standard som for øvrig ambisjoner for all buss- og kollektivmateriell i tråd med vedtatte klimamål og strategi for nullutslippsteknologi i Bergensområdet.

Fylkesutvalget vil appellere til Ikea sin ambisjon om samfunnsansvar og bærekraft og oppfordrer om at det vurderes nullutslippsteknologi.»

Stein Inge Ryssdal (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 2:

Materiell som seinare vert kjøpt inn til rutedrifta skal oppfylle den til ei kvar tid gjeldande avgasstandarden.»

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til neste møte.»

Røysting (forslaget om utsetjing)

Rasmussen sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Innstilling til fylkesutvalet

Saka vert utsett til neste møte.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 20.04.2017

Innstilling til fylkesutvalet

Saka vart trekt.

PS 52/17 Ymse

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 20.04.2017

ORIENTERINGAR

Nytt frå Skyss v/direktør Oddmund Sylta

Nye ferjekontraktar

- Rutepakke 2, 4 og 5
- Opningstid og frekvens
- Meirkostnader til ferjedrift

Presentasjon av ungdommens fylkesutval (UFU)

Sigrid Farestveit Neset og Marius Hellan Hindenes presenterte arbeidet i UFU si gruppe for miljø og samferdsel, og inviterte medlemene i utval for miljø og samferdsel til å ta kontakt med dei.

Kontaktinformasjon:

Sigrid Farestveit Neset (leiar), mobil 459 60 135, sigrid_neset123@hotmail.com

Marius Hellan Hindenes, mobil 902 53 074, Marius.h.h.2001@gmail.com

Nytt frå Statens vegvesen

Regionvegshjef Helge Eidsnes i Statens vegvesen Region vest presenterte Nasjonal transportplan 2018-2029, med spesiell merksemd på Hordaland.

Byvekstavtale

Fylkesdirektør samferdsel orienterte om den nye byvekstavtalen 2017-2023 mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Staten. Gruppleiarane i fylkestinget var inviterte til å vere til stades under presentasjonen.

INNSENDE SPØRSMÅL

Marthe Hammer (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Hardangerbrua

Fylkesrådmannen laga i 2016 ei referatsak med tittel « Hardangerbrua – trafikk og inntekter». Denne vart lagt fram for MISA og deretter fylkesutvalet 20.04.2016. Referatet er datert 29.02.2016.

Kan samferdsledirektøren gjere greie for tilsvarande tal for trafikkutviklinga og inntekter for 2016?»

Fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

«Årsdøgntrafikken over Hardangerbrua i 2016 var på 1.819 mot 1.730 i 2015. Det er ein auke på 5,1 %. Trafikken er likevel under Statens vegvesen sitt plantal som er på 1.950 ÅDT for 2016. Denne veksten må halda fram om brua skal bli nedbetalt etter planen dvs. i 2030. Elbilandelen er framleis låg med 3,4 % i 2016 mot 2,8 % i 2015. Stengte vegar i nærområdet og over fjellet gjev svært usikre trafikkprognosar. Trafikk- og inntektsutviklinga er også avhengig av kva vegprosjekt som vert prioritert aust/vest dei komande åra.

År	Tal passeringar				Totalt	Driftsinntekter	Gjennomsnittleg passeringssinntekt (kr)
	Lett bil		Tung bil				
	Tal passeringar	andel	Tal passeringar	andel			
2013*	173 340	91,1 %	17 000	8,9 %	190 340	29 661 592	156
2014	550 410	93,0 %	41 428	7,0 %	591 838	84 848 978	143
2015	578 318	91,6 %	53 258	8,4 %	631 576	91 608 853	145
2016	611 288	91,8 %	54 476	8,2 %	665 764	94 941 509	143

* Frå og med 18. august og ut året

Passeringssinntektene var omlag 95 mill.kr. i 2016. Det er ein auke på 3,6% frå 2015. Veksten skuldast at talet på passeringar har auka. Tungbilandelen er på 8,2%. Det er omlag det same som i 2015.»

Synnøve Solbakken (A) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Fjelbergsambandet

Det tenkt bygde Fjelbergsambandet har ein lang historie som de er kjend med og som leiar i utvalet fekk informasjon om på folkemøte 1 april 2017. Det er ofte føre kommune- og stortingsval Fjelbergsambandet får mykje omtale og ingen framdrift.

Over tid har det blitt arbeida for å realisera sambandet både frå kommune og fylkeskommune men lite har skjedd.

Spørsmålet mitt er slik saka står i dag:

- Kva kan gjerast for å få framdrift for å realisera Fjelbergsambandet?
- Kva kan gjerast frå Kvinnherad kommune?
- Kva kan gjerast frå Hordaland fylkeskommune?

Øybuvarane har eit stort ønskje og behov å få vita kva blir arbeida med og kva er planen vidare.»

Administrasjonen vil kome tilbake med svar.

Geir Angeltveit (V) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Utsleppskrav for taxi

Transportsektoren står for kring 26% av norske klimagassutslepp. Klimagassutsleppa i transportsektoren held dessverre fram å auka. Samstundes visar overvaking av kvaliteten på bylufta i dei store byane, inkludert Bergen, alt for ofte helsefarlege overskridingar av dei juridiske bindande grenseverdiane i forureiningsforskrifta.

For å oppfylle forpliktingane som Noreg har påtatt seg etter Paris-avtalen, for å nå måla i klimaforliket om å redusera Norges klimagassutslepp med 20% innan 2020, og for å bidra til at mennesker som oppheld seg i byane våre ikkje innåndar helseskadeleg luft, erkjenner Venstre at det er behov for nye verkemiddel.

Taxi-næringa representerar ei omfattande og samfunnsmessig veldig viktig andel av transportarbeidet i fylket vårt, særskild i bykommunane. Venstre meiner at teknologiutviklinga i bilbransjen dei siste åra, både når det gjeld rekkevidde på elbilar, tilgjenge av hydrogenbilar og utviklinga av ulike plug-in hybridar, tilseier at det no er hensiktsmessig å stilla utsleppskrav til taxi-næringa.

Nyleg er også naudsynt lovhjemmel kome på plass for å kunna gjere dette. Den 13. Mars vart endringa i yrkestransportlova andregongshandsama og vedtatt i Stortinget, sitat:

«Vedtak til lov om endringar i yrkestransportlova (miljøkrav for drosjer) II lov 21.juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy skal § 9 fjerde ledd lyde: (4) Løyvestyresmakta kan gje påbod om at drosjekøyring etter første ledd skal drivast med motorvogn som har ei øvre grense for miljøskadeleg utslepp. Det skal setjast ein frist på minst fire år for å oppfylle krava. Løyvestyresmakta fastset forskrift om den øvre grensa for miljøskadeleg utslepp. Noverande fjerde og femte ledd blir femte og nytt sjettede ledd. II Lova trer i kraft straks.»

Gjennom denne lovendringa er fylkeskommunen som løyvemynde gitt ansvar for å stilla utsleppskrav til alle taxiar i Hordaland.

Eg ber på vegne av fylkestingsgruppa til Hordaland Venstre at det vert lagt fram sak for utval for miljø og samferdsle om utsleppskrav til taxi-næringa i Hordaland.»

Fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

«Som det går fram av spørsmålet vart yrkestransportlova § 9 endra frå 13. mars 2017, ved at det vart ført til eit nytt fjerde ledd slik:

(4) Løyvestyresmakta kan gje påbod om at drosjekøyring etter første ledd skal drivast med motorvogn som har ei øvre grense for miljøskadeleg utslepp. Det skal setjast ein frist på minst fire år for å oppfylle krava. Løyvestyresmakta fastset forskrift om den øvre grensa for miljøskadeleg utslepp.

Lovendringa gjev løyvestyresmakta heimel til sjølv å kunna avgjera om det skal innførast ei øvre grense for miljøskadelege utslepp, og kva den øvre grensa skal vera.

Fylkeskommunen må først fastsetja den øvre grense for miljøskadeleg utslepp. Deretter kan ein eventuelt innføra spesifikke miljøkrav for drosjar. Eventuell utsleppsgrense og miljøkrav skal gjelda i heile løyvedistriktet, dvs. i heile Hordaland fylke som er eitt løyvedistrikt. Lovendringa gjeld berre ordinære drosjer i personbilstorleik, ikkje bilar i storleik 10-17 sete/minibussar.

Samferdselsavdelinga i samarbeid med regionalavdelinga v/klima- og naturressursseksjonen, har sett i gang arbeidet med å fastsetja ei øvre grense for miljøskadelege utslepp frå drosjebilparken i Hordaland. Arbeidet er omfattande med mange omsyn.

Fylkeskommunen har ansvar for at naudsynt infrastruktur er på plass før ein kan innføra miljøkrav for drosjane. Finansiering av infrastruktur tilpassa lokal drosjenæring som fylgje av lokale pålegg om bruk av særskilt driftsmiddel i drosjenæringa, må finansierast av fylkeskommunen. Det er løyvestyresmakta som er nærast til å vurdere kva krav som må setjast med omsyn til tilgjengeleg infrastruktur og til behovet for investeringar.

Verknadene av å innføra spesifikke miljøkrav berre til drosjar, må vurderast grundig før det eventuelt vert fatta vedtak om innføring av slike krav. Ei slik vurdering må m.a. omfatta marknadstilbodet av bilar som reelt sett fyller minimumskrava som skal nyttast til yrkestransport av personar. Det gjeld både omsyn til storleik, bagasjeplass og aksjonsradius. I tillegg må det takast omsyn til at drosjar er pålagt køyreplikt, i prinsippet 24 timar i døgnet.

Samferdselsavdelinga kjem attende med sak om utsleppsgrense.»

SPØRSMÅL I MØTET

Natalie Golis (MDG) stilte slikt spørsmål:

«Urban Water Shuttle og snøggbåtruta Askøy-Bergen

Stortinget har bedt regjeringa iverksette tiltak som sikrer at alle fylkeskommunale og kommunale ferger og hurtigbåter benytter lav- eller nullutslippsteknologi ved nye anbud og på ruter i egenregi.

Det er i gang et omfattende pilotprosjekt på Vestlandet med et bredt samarbeid av aktører der HFK er med. Samarbeidet for å kunne innføre et demo pilotprosjekt med et Urban Water Shuttle (UWS) båt med nullutslipp kan starte opp allerede i 2019. Konklusjonene er at dette er både lønnsomt og miljøvennlig.

Prosjektets hovedmål er å utvikle, og i neste fase demonstrere, et energioptimalt, nullutslipp, hurtiggående passasjerfartøy til lavest mulig investeringskostnad i sambandet Askøy-Bergen. Ideen er å realisere UWS-nullutslippskonseptet fra å være et design til å bli et kommersielt og markedsledende produkt for miljøvennlig, kostnadseffektiv og hurtiggående passasjertransport, både nasjonalt og internasjonalt. Prosjektet vil gjennom tett samarbeid mellom forsknings- og industripartnere, samt aktuelle kunder, videreutvikle dagens «state of the art» innenfor elektriske fremdriftssystem for hurtiggående fartøy. Dermed vil prosjektet bidra til å utvide det maritime anvendelsesområdet for nullutslippsteknologi.

Hva er status på arbeidet med denne – og kan vi sikre støtte til prosjektet?

Hva er status på anbudet og fremdriften på ruta?»

Fylkesdirektør samferdsel svarte på spørsmålet.

Natalie Golis (MDG) stilte slikt spørsmål:

«Enhetstakst Bergen - Arna

Det er nå blitt enhetstakst på toget til Arna. Hva er billetteringssystemet her? Skal det være mulig å kjøpe billett/månedskort m.m. uten en smarttelefon og app?»

Direktøren for Skyss svarte på spørsmålet.

Marthe Hammer (SV) viste til medieoppslag om manglende sponsorinntekter for Sykkel-VM, og spurde kva for rolle og risiko Hordaland fylkeskommune har. Fylkesdirektør samferdsel og direktøren for Skyss svarte på spørsmålet.

Etter oppmoding frå **Marthe Hammer (SV)** vil direktøren for Skyss gå gjennom rabattstrukturane for kollektivtransporten i eit seinare møte.